

**INFORMASJON**  
Kommune / fylkestingsval 2023



# Med hjarta for Vindafjord

Vi presenterer kandidatene for Vindafjord KrF



*Tid til det viktigste*

# Gustav Løge Fosse

## Ordførarkandidat

Eg vil jobba for at valfridom til familieane og at foreldre blir styrka i foreldrerolla. Vi må nytte alle kvalitetane med våre bygder til å støtte opp om kvarandre og bidra til ein god og trygg oppvekst for våre barn og unge. Vi må fortsetje å leggje til rette for gang- og sykkelveggar i tettstadane våre og langs trafikkerte vegar som bind bygdene saman. Ein aktiv kvardag og gode møteplassar vil bidra til god folkehelsa.

Vi vil arbeide for å utvikle og styrkje Ølen som senter for tenester, handel, møteplass, kultur og utdanning på indre Haugalandet.

Vindafjord skal vera ein god kommune å koma til for tilflyttarar og vi vil ha god norskopplæring for å sikre god integrering og inkludering i arbeidsliv og våre lokalsamfunn.

Det er viktig at kommunen er ein god medspelar og tilretteleggjar for verdiskaping og utvikling av det lokale næringslivet. Næringslivet blir også viktig i arbeidet med den grønne omstillinga og i å lukkast med klimatiltaka framover. Vi må også snakke om korleis vi kan redusere forbruket vårt. Vi må heie på og støtte opp om det frivillige arbeidet som ofte er bærebjelken i mykje av det førebyggjande arbeidet. Arbeide for investeringsstøtte til forsamlingshus og liknande som ikkje får tippemidlar eller moms kompensasjon.

Vi i KrF vil også vere med på å leggje til rette for aktiv og meningsfull kvardag for dei som treng det mest og som dett utanfor det ordinære arbeidslivet.

Barns beste er viktig for oss i KrF å ha som rettesnor i mykje av kommunen sitt arbeid. Ikkje minst gjeld det i å leggje til rette for gode rusfrie tilbod og sikre rusfrie soner der barn og unge ferdast mykje.

I alt arbeid må vi prøve å forvalte verdiar og ressursar slik at dei rekk langt samtidig som vi skal ha komande generasjonar i tankane. God og jordnær økonomistyring rekk ofte langt!

**Gustav Løge Fosse**  
Ordførarkandidat



Gustav er 59 år og bur i Ølensvåg. Han er gift og har fem barn og 15 barnebarn. Er rektor på Lundeneset vgs. Har vore med i kommunepolitikken i 12 år, vore varaordførar, medlem i formannskapet, og leiar i utval for oppvekst og omsorg.

Gustav har vore med i fylkespolitikken og har mellom anna sete 8 år i fylkesrådet for funksjonshemma og vore leiar for fylkestraffiktryggleiksutvalet i 4 år.

Han er aktiv i diverse frivillig arbeid.



# Hanne Kathrine Sørhus

## 2. kandidat

Mine hovudfokus: familie, oppvekst, helse og miljø.

**Familien.** Som mor til 4 barn, brenn eg mest for familie og oppvekst. Det er viktig å leggje til rette for at mødrer kan vere lenger heime i løna permisjon, og meir valfridom til familieane når det gjeld fordeling av permisjonen. Dette er med på å skape trygge og gode rammer både for barnet og foreldra. Ikkje minst er kontantstøtte særskilt viktig og bør aukast, noko som er eit viktig bidrag og gjer det mogeleg for dei som har ønskje om å vere meir heime og til stades for borna sine.

**Oppvekst og helse.** Satsing på barn og unge er særskilt viktig, då dei er framtida vår. Auka fokus på kvalitet i både skule og barnehage, at barn skal få ha trygge, gode, vaksne rundt seg, då desse er ein stor del av kvardagen til mange barn. Det er auka utfordringar for både lærarar og elever med ekstra utfordringar i skolen - det er derfor viktig at skulane blir tilført breiare kompetanse, for oppfølging av barn med spesielle behov og utfordringar knytt til skulen eller heimen, eller store klassar. Menneskje med utdanning og rett kompetanse, som kan ta seg av desse borna, slik at lærarane får gjere det dei er meint til: å undervise. Samspel mellom skulane og helsestasjonen er difor viktig.

**Miljø - det grønne skiftet.** Det å ta betre vare på skaparverket er noko som engasjerer meg. Vi i Vindafjord må gjere dei tiltaka som skal til i klimakampen, og gje dei generasjonane som kjem etter oss betre mogelegheit for ei god framtid! Eg ønskjer å fokusere på trygge skuleveggar for barn, m.a. med sykkelstiar rundt om i bygdene, så barn kan ferdast trygt, både til beins og på hjul.

**Hanne Kathrine Sørhus**  
2. kandidat



31 år, bur i Vats

Yrke/utdanning: Sjukepleiar.  
Er i dag heime i permisjon med barn nr. 4.

Kvifor skal folk stemme på meg?

- Eg blir veldig engasjert i det eg driv med
- Eg ønskjer å gjere ein forskjell
- Eg er god til å lytte
- Eg har omsorg for dei rundt meg

Hanne Kathrine har vore leiar i ungdomsarbeidet Feedback og medlem i styret for nytt bedehus i Vats (Arken) der ho er engasjert i arbeidet, m.a. som hovudleiar for «Sprell Levande Vats» (søndagsskule-opplegg).



### Leon Dyngeland

5. kandidat

53 år. Bur i Ølensvåg  
Avdelingsleiar i Omega 365

Har vore med i kommunestyret i Vindafjord dei siste 4 åra og utvalsleiar i DUK. Er aktiv i frivillig arbeid, m.a. ulike barne og ungdomsarbeid, bedehusstyret mm. Tidl. leiar i tomteselskapet og Ølen IL fotballgruppa.

Det er viktig for meg er at Vindafjord skal vere ein god kommune som:

- det er lett å busetje seg i
- har gode oppvekstvilkår
- legg ting til rette for dei som vil starte næringsverksemd
- har fokus på å løfte fram frivilligheita
- tar vare på og styrkjer kyrkje, kyrkjegardar og andre kultur og idrettsbygg

48 år. Bur i Skjold  
Dagleg leiar i Dagsland Miljø AS + Bonde

### Asle Dagsland

4. kandidat

Har vore styremedlem i Vindafjord KrF, vara til kommunestyret og medlem av politisk nemnd.

Det som er viktig for meg er gode vilkår for landbruk og næring, og å leggje til rette for auka busetnad i kommunen.

Eg ønskjer å styrke satsing i landbruket, og tilrettelegging for næringsverksemd og arbeidsplassar som grunnlag for busetnad og vekst i kommunen vår.



### Eirik Stolpe

5. kandidat

33 år. Bur i Sandeid  
Dataingeniør i Autostore.

Vara i kommunestyret 2015-19 og tidl. styremedlem i Vindafjord KrF. Aktiv i Feedback, bedehus, gospelkor Vikedal og internasjonalt treff på Kyrkjetunet.

Det er viktig for meg at Vindafjord er ein god plass å vekse opp og bu i og eg vil jobbe for:

- Gode skular med motiverte lærarar og godt skulemiljø
- Gode fritidstilbod, med møteplassar for unge og vaksne
- Trygge vegar
- Gode forutsetningar for dei som vil drive med landbruk og matproduksjon
- Heie fram næringslivet i kommunen
- Berekraftig forvaltning av ressursane våre. Det me gjer i dag skal ikkje gå på bekostning av neste generasjon



### Liv Ingunn Heie Medhaug

6. kandidat. 66 år. Bur i Ølensvåg

Pensjonist frå 1.07.23. Utd. lærar med leiarutdanning. Deltatt i frivillig arbeid i alle år. Er med i styret for Framnes Kristne VGS og leiar for Kyrkjjetunet i Ølen.

Viktig for meg er utvikling av ein inkluderande kommune, gode oppvekstvilkår for barn og unge, med høg kvalitet i barnehage og skule.

Leggje til rette for vidareutvikling av lokalt næringsliv.

Vere pådrivar for å realisere planar om utbygging E134.

Som rektor og PPT-leiar i Vindafjord dei siste 16 åra har eg vore med å på å gje innspel til politiske prosessar og vore ansvarleg for å forvalte politiske avgjerder.

Kvalitetsrevisor / økonom og aktivitetsbonde.

Tidl. Varamann og kommunestyre-repr. i 6 år, 2 år i formannskapet. Medlem i ulike kommunale og fylkeskommune nemnder og utval. Aktiv i Menighet Kristent Fellesskap, Stiftelsen «Huset» (Feedback) og styremedlem i Vindafjord Turlag.

### Jan Sverre Frønsdal

7. kandidat. 53 år, bur i Ølensvåg

Eg vil jobbe for gode og rettferdige vilkår for små og store bedrifter, auka busetnad med gode bukvalitetar, oppvekstvilkår og helsevilkår. Eg vil styrke vilkåra for kristent arbeid. Vindafjord må vere ein tiltrekkande kommune med tur-, friluftsliv og naturopplevingar. Eg vil jobbe for endå større kvalitet og livsglede i eldreomsorg og for aktivitetstrengande. Me må styrke sentrumsfunksjonen for Ølen, utan at det treng å gå på bekostning av god livskvalitet i dei andre flotte bygdene i kommunen.



### Eivind Hetland

8. kandidat. 62 år. Bur i Ølensvåg.

Lagermedarbeidar/ Agroteknikar

Tidlegare kommunestyre-rep., styremedlem og leiar i Vindafjord KrF. og medlem i kontrollutvalet denne perioden.

Viktig for meg er gode oppvekstvilkår for alle barn i kommunen.

Gode driftsvilkår for landbruket, gode kollektivtilbod internt, og ut av kommunen.

Pensjonist. Tidl. diakon og sjukepleiar

Erfaring som medlem i menighetsråd og mange ulike råd og utval.

### Kristin Sandvik

9. kandidat. 70 år. Bur i Isvik, Skjold

Eg er særers oppteken av at vi skal ha gode tilbod innan eldreomsorg, helse og sosial.

Eg er relativ ny i kommunen og meiner eg kan sjå sakene med litt nye auge.





### **Gunnhild Marie Wold Osaland**

10. kandidat. 46 år. Bur i Ølensvåg

Adjunkt (med opprykk)  
Fembarnsmor og bondekone.

Aktiv i Kyrkjetunet i Ølen, driv kor  
og har tidlegare vore med i ulikt  
trusopplæringsarbeid for born

Viktig for meg er ein god og trygg oppvekst for  
borna våre, ein god skule og allsidige tilbod  
til fritidsaktivitetar. Men også gode vilkår for  
eit allsidig landbruk og å ta vare på den fine  
naturen me har her.

### **Håkon Brekkå**

11. kandidat. 25 år. Bur i Ølensvåg

Tømrarlærling.

Vara til kommunestyret i 2019-23,  
tidlegare styremedl. i Vindafjord  
KrFU. Aktiv i kristne barne- og  
ungdomslag

Viktig for meg er menneskeverd og det å kunne  
jobbe for klimavenlege løysingar i kommunen vår.



### **Ruth Fosse Fjellteit**

12. kandidat. 36 år. Bur i Ølensvåg

Sosiallærar. Vernepleiar.

Vara til kommunestyret i fleire  
periodar, medlem av styret for  
Vindafjord KrF.

Viktige saker for meg er førebyggjande  
arbeid mot mobbing, omsorgssvikt,  
einsemd og rusmisbruk, men også god  
omsorg til eldre og å leggje til rette for dei  
der dei vil bu, om det er mogeleg.



### **Sigbjørn Mortveit**

13. kandidat. 63 år. Bur i Skjold.

Svakstrømsteknikar.

Tidl. leiar i Vindafjord KrF, vara- og  
kommunestyremedlem i gamle og  
nye Vindafjord kommune.

Mange år i sokneråd,  
miljøorganisasjon og leiar i Skjold  
KFUK-KFUK speidargruppe.

Eg vil jobbe for nok, og god omsorg for dei  
som treng det og at Vindafjord er ein  
friluftskommune utan vindkraft. Meir  
økonomisk støtte til frivilljuge lag og  
organisasjonar for born og unge. Redusere/  
fjerne eigedomsskatten for bustadar for å få  
fleire til å byggje i kommunen.

Eg er godt kjend og har alltid budd i  
kommunen. I mange år har eg deltatt i ulike  
frivilljuge aktivitetar og har erfaring med  
arbeid i statlege og private bedrifter.




# Vår visjon for Vindafjord Kommune

**KrF ønsker ein kommune med gode lokalmiljø der alle generasjonar vil trivast og bu.**

Då treng vi mellom anna:

- Attraktive og trygge bumiljø med gode møteplassar.
- Godt førebyggjande arbeid.
- Kvalitet i skule og barnehage.
- Lokalt næringsliv og arbeidsplassar.
- Tilrettelegging for frivillig engasjement

Vindafjord har fått mange nye innbyggjarar, også gjennom tilflytting og innvandring, noko vi ønsker skal halda fram. Vi vil arbeida for god integrering og inkludering. Dette inneber god tilrettelegging i barnehage og skule med velkomstklasse, men også vaksenopplæring med god norskopplæring og hjelp til å bli arbeidstakar i Vindafjord.



# 10 gode grunnar for å stemme Vindafjord KrF



## Vi vil arbeida for:

### 1. Familien som viktigaste aktør for borna sin oppvekst

KrF vil byggja opp om og styrkja familien som den viktigaste arena for gode oppvekstvilkår, verdiformidling, sosial læring og omsorg for borna.

### 2. Valfridom for familiane

KrF meiner det er viktig å leggja til rette gode og fleksible ordningar slik at foreldre som ynskjer å vera meir heime med borna dei første leveåra, kan få dette til. Vi vil jobba for både statlege og kommunale ordningar som td. konstantstøtte.

### 3. God kvalitet i våre skular og barnehagar

Vi vil at barnehagane og skulane blir tilført nok ressursar og rett fagleg kompetanse for å sikra tidleg innsats, god trivsel og eit trygt og godt læringsmiljø. Vi vil sikre at våre barn og unge blir sett, høyrte og forstått.

### 4. Gode rusfrie tilbod og møteplassar

Vi ønskjer at møteplassar der born og familiar samlast, skal vera rusfrie. Dette trur vi er det beste for born og unge. Samfunnet må slik visa solidaritet med dei som slit med rusutfordringar.

### 5. Gode vilkår for utøving av tru, kultur og frivilligheit

KrF ønskjer ein politikk som synleggjer og sikrar gode vilkår for frivillig arbeid, engasjement og lokale kulturuttrykk. Vi ønskjer å leggja til rette for kyrkje, kultur og kristenliv som viktige kulturberarar i kommunen vår. Støtte opp og leggja til rette for frivillig engasjement.

### 6. Gode tilbod innan helse og omsorg

KrF vil at kommunen skal fremja trygge livsvilkår for alle og leggja til rette for at folk kan ta vare på helse si. Vindafjord skal difor også vera ein tur- og friluftskommune.

### 7. Eit aldersvennleg samfunn

KrF vil at kommunen har gode helse- og aktivitetstilbod slik at eldre kan bu i eigen bustad så lenge som mogeleg. Det er viktig både å sjå og samarbeida med pårørande her. Kommunen skal ha omsorgsbustadar og sjukeheimplassar til dei som treng dette. Vi vil arbeida for eit universelt og tilgjengeleg samfunn for alle.

### 8. Gode vilkår for næringsliv og landbruk

Vindafjord skal vera ein JA-kommune som set innbyggjarane sine behov i sentrum. Vi ønskjer styrka tilrettelegging for næringsverksemd og arbeidsplassar som grunnlag for busetnad og grøn omstilling i kommunen. Vi vil at næringsliv og landbruk som skaper arbeidsplassar, opplever kommunen som ein god medspelar.

### 9. Klimavenlege løysingar i kommunen

Vindafjord KrF har som mål å bidra til at natur og miljø blir overlevert i betre stand til våre etterkommarar enn då vi sjølv overtok ansvaret. Derfor må vi skape bevisstgjerung om at det er viktig å redusera forbruk på alle nivå i samfunnet.

### 10. Kommunikasjon og samferdsel

Vindafjord KrF meiner at gode vegar, kollektivtrafikk og digital infrastruktur er viktig for busetnad, arbeidsplassar og trivsel. Vi vil arbeida for samanhengande gang- og sykkelveggar som bind bygdene saman, m.a. samanhengande langs E134 gjennom kommunen.



 [www.facebook.com/vindafjordkrf](https://www.facebook.com/vindafjordkrf)

Les heile programmet vårt på: [www.krf.no/Vindafjord](http://www.krf.no/Vindafjord)

